

Årsmelding 2023

Årsmeldinga omfattar følgjande hovudpunkt:

1. Økonomisk del
2. Generell del
3. Viltforvaltning
 - 3.1 Villreinforvaltning
 - 3.2 Elgforvaltning
 - 3.3 Småviltforvaltning
4. Fiskeforvaltning
 - 4.1 Fiskeutsetting
 - 4.2 Prøvefiskeresultat
 - 4.3 Garnfiskestatistikk
 - 4.4 Kalking
5. Fjellstyrehyttene
 - 5.1 Hyttestyret
6. Beiteleiga
7. Anna

1. Økonomisk del

Utdrag av rekneskapsresultatet for 2022 og 2023 viser følgjande hovudpostar for inntekter og utgifter:

Resultat og balanse

Kontogruppe	2023	2022
Driftsinntekter	1 303 672	1 476 072
Lønn	125 251	80 223
Sum driftskostnader	-1 692 380	1 116 659
Driftsresultat	-388 708	277 090
Finansinntekter	82 042	27 683
Finanskostnader	164	92
Resultat	-306 829	304 681

Kommentar:

Her visast hovudtala frå rekneskapet samanlikna med tala frå året før. Årsresultatet viser eit underskot med kr 306 829.

Inntektene:

Raden «Driftinntekter» omfattar tilsaman 7 postar der inntekt frå villreinkort, småviltkort, elgjakt og fiskekort, er dei viktigaste postane.

- Reduksjon i inntekt frå året før skuldast i hovudsak lågare inntekt frå villreinjakt, elgjakt og småviltjakta. Inntektene frå stongfiske var nær på nivået frå -22.
- Fjellstyret søkte om å delta i prosjekt for opprydding av båtvrak i allmenningen. Det er gitt kr 74 500 i tilskot frå Handelens miljøfond til utgiftsdekking. Dette tilskotet er rekneskapsført som inntekt, men er i utgangspunktet eit tilskot som går i null med utgiftene. Det er HF as som står for det praktiske arbeidet med innsamling av båtvraka.

Utgiftene:

- Største faste utgiftspostar er knytt til drift og omfattar kjøp av tenester frå Hardangervidda fjelloppsyn, kjøp av tenester frå Eidfjord kommune, rekneskapstenester, godtgjersle for politisk arbeid, kjøp av sekretærtjenester og kontingent til Norges fjellstyresamband.
- Posten Lønn omfattar styrehonorar og andre personalkostnader knytt til styret.
- Vedlikehald av hyttene er og ein stor utgiftspost. Frå hyttestyret vert det rapportert følgjande aktivitet;
 - Hyttestyret har hatt ein større vedlikehaldsarbeid med golvet på hytta i Viersla.
 - Førarbua har og fått ei oppgradering med ny innvendig kledning og inventar.

Investeringar:

Det er ikkje gjennomført tiltak som er å rekna som investeringar.

2. Generelt

Fjellstyret har helde 8 styremøte. Det er handsama 48 saker. Det viktigaste av aktiviteten kjem fram i årsmeldinga, elles vert møteprotokollane lagt ut på heimesida til fjellstyret, www.eidfjord-fjellstyre.no

3. Viltforvaltning

3.1 Villreinforvaltning

Bestandsmålet for villreinstamma på Hardangervidda var;

Hovudmål:

- produsere 2.000 – 2.500 kalv årlig (målt ved kalvetelling)

Delmål:

- simleandelen på 40% (målt ved strukturtelling)
- bestandsstorleik maks 12.000 før kalving.
- halde ein mest moleg stabil bestandsstorleik over tid.

Målsetjinga har vore evaluert og har delvis vore sett til side pga kravet om å skaffa nok prøver for overvaking av cwd. Hardangervidda reinen er ikkje friskmeld enno, og med oppdaging av eit nytt tilfelle sist i jakta, vert det truleg lenge før det kan bli friskmelding. Dette har prega fellingskvota som vart fastsett. Det har vore eit overordna og samstemt mål å redusera delen eldre bukk i stamma for å hindra spreiding av skrantesjuka. Resultatet vart ei kvote bare på bukk 2,5 år og eldre. Samla kvote vart sett til 4000 fellingsløyve fellingsløyve.

Fjellstyret vart tildelt 270 fellingsløyve bukk 2,5 år og eldre. Det vart felt 23 bukk på kvota. Fellingsresultatet viser at det i enkelte flokkar var lite bukk og at denne var vanskeleg å få tak på. Erfaringane var at dei få bukkane som er att, var vanskeleg å få fri for skot. Når det gjeld allmenninga sin fellingsprosent er denne rekna av tildelt kvote og vart da på 8,5%.

Strukturteljing viser at det er lite eldre bukk att på Hardangervidda, men bukkeandelen er 15%.

Fjellstyret ynskjer å visa ein forsvarleg forvaltning og ikkje sleppa til for mange jegerar på statsallmenningen. Lett tilgang til terrenget og redusert jaktbart areal resulterte i at fjellstyret avgrensa talet jegerar på allmenningen til 130.

Dyra hadde i haust eit vestleg trekk, i hovudsak gjekk trekket vestover sør for Nordmannslågen. Men hovuddelen av dei vestlege trekka gjekk sør for allmenninga. Fredningssona vart vedteke vidareført slik den vart justert i 2020. Det er ikkje kome mykje reaksjonar på funksjon til fredningssona. Fredningssona kunne opphevast frå 20. september på vilkår. Dette vart ikkje gjort i haust.

Jakttida vart sett frå 20.08 t.o.m. 20.09. Avkorting av jakttida i september var gjort av omsyn til at det berre var tillate å fella vaksen bukk.

Regjeringa har akseptert at overvaking av tilstanden med cwd skal skje i form av ordinær jakt. Dette legg press på lokal forvaltning til å administrera jakta slik at det vert felt nok vaksen bukk.

Fjellstyret ynskjer å leggja til rette for at villreinen skal kunna bruka meir av norvestvidda. Spesielt i forkant av kalvinga meiner fjellstyret at det er viktig at reinen får ro. Motorferdsel i utmark skal så langt det let seg gjera følgje kvista løyper og vera avslutta i god tid før kalving. Dette vert gjort for å kanalisera ferdsla og la større område vera meir i fred.

3.2 Elgjakt

Statsallmenninga er del av elgvaldet Eidfjord fjellvald. Valdet vart danna for å opna for jakt på elg som bruker fjellarealet. Teljande areal er rekna opp til kote 1200 moh. Dette som eit tiltak for å hindra mogleg miljøsmitte mellom villrein og elg. Kvota til statsallmenninga var 4 dyr. Fjellstyret lyste ut elgjakta blant søkjarane til villreinjakta og vedtok at tre lag med minst 4 medlemar på laget kunne søkje. Det var ti lag som søkte. Ein vakse ku og ein kalv, vart felt. Det var ikkje samjakt med dei andre medlemmane i valdet.

Fjellstyret fekk spørsmål om samjakt i samband med elgjakt i valdet Eidfjord fjellelg, dette gjekk fjellstyret imot. Det kom og spørsmål frå Olavsdaalen sameiega om å verta del av Eidfjord fjellelg, også dette gjekk fjellstyret imot.

3.3 Småviltforvaltning


Fjellstyret har samarbeida med Vestlandet fuglehundklubb om taksering av rypestamma fyrst i august. Takseringa gir grunnlag for om det skal opnast for jakt. Resultatet av taksering viste at det var bra med stamfugl, men lite kyklingar. Resultatet vart at det ikkje vart opna for jakt. Jegerar som alt hadde betalt kort, fekk dette refundert med fråtrekk av provisjonen til inatur.

Fjellstyret har opna for treningsområde for fuglehund, dette tilbodet synest etter kvart å verta populært og er gjort betre tilgjengeleg med sal av kort via www.iNatur.no.

Det er inngått leigeavtale med Vestlandets Fuglehundklubb om å kunna arrangera prøve for ståande fuglehundar. Prøveområdet er avgrensa til å gjelda utanfor nasjonalparken. Prøvetidspunktet er samordna med Halne beitelag for å unngå konflikt med sauesanking.


Rypetaksering i Eidfjord statsallmenning

Fjellstyret har sett ei grense på minimum 8 rype per km² og produksjon på minst 3 kyklingar per høne for at det skal opnast for jakt.



Figuren viser resultat av rypetaksering utreka som rype per km² areal land i allmenningen tal kyklingar per høne. Heiltrukne liner er linære trendliner. I 2015 vart det ikkje rekna rype per km² pga lågt tal observasjonar med dårleg grunnlag. Produksjonen viser ein stabil trend, mens tettheit av rype er aukande. Gitt at dette er ein reell utvikling, bør jaktgrunnlaget verta meir stabilt over tid i forhold til grenseverdi fjellstyret har sett for opning av jakt.

Det er og ført statistikk over utbetaling av skotpremie for raudrev. Statistikken her er samanlikna med rypetaksering. I hovudtrekk synest variasjonen i rypetettheit å variera med felt raudrev. Det er ikkje teikn til at mengda raudrev går ned og tettheit av rype aukar.



4. Fiskeforvaltning

Forvaltninga av fiske har i hovudsak bestått i fiskeutsetting, prøvafiske og overvaking av kalka område. Det vert lagt vekt på å få inn god garnfiskestatistikk. Resultat herfrå er viktig grunnlag for forvaltning og dokumentasjon på bruk av fiskerettane i statsallmenninga.

4.1 Fiskeutsetting

Sidan 2008 har Statkraft fanga vill aure til utsetjing i Tinnhølen som kompensasjon for fangst av stamfisk.

Vill aure frå Svinto og Bjoreio er feitfinneklipt og slept i Tinnhølen. I tillegg vart det kjøpt omlag 1000 setjefisk som også er feitfinneklipt og slept i Tinnhølen.

Villfisk satt ut i Tinnhølen:

2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
181	50	248	151	134	205	291	194	176	228	262	288	239

Årleg aureungar fanga i Svinto og Bjoreio slept i Tinnhølen.

All fisk slept i Tinnhølen vert feitfinneklipt. Det er ynskjeleg at fiskarane rapporterer tal feitfinneklipt fisk i fangstane. Dette vil gje eit tal for effekt av utsetting.


4.2 Prøvefiskeresultat

Det har vore gjennomført prøvafiske i Svartavasstjørn og Svartavatnet. Prøvafiske i Svartavatnvassdraget er ein lekk i overvaking av effekt av kalking. Det vert her teke med konklusjonar/tiltak frå dei enkelte rapportane.

Svartavatnet

Det vart gjennomført prøvafiske som del av overvaking etter kalking. Innhaldet i mageprøvar frå prøvafiske er med og dokumenterer om forsuringfølsame artar er tilstades i vatnet. I denne samanhengen har det vore sett fokus på marflo og skjoldkreps som var dokumentert tilstades for forsuringa. Det viser seg at analyse av mageinnhaldet er den mest kostnadseffektive analysemetoden å dokumentera om forsuringfølsame artar lev i vatnet. 5 fiskemagar i prøvefiskematerialet hadde spor av skjoldkreps og marflo.

I tillegg er prøvafiske med å gje indikasjon om endring av garnfiskereglar visast igjen på lengdefordeling, kvalitet og gjennomsnittsvekt. Garnfiskereglane for Svartavatnet vart endra i 2016 kor det vart endre frå minste tillate maskevidde 45mm, til største tillate maskevidde 35mm.



Figuren viser snittvekt i gram det enkelte år det er prøvefiska. Serie 1 er tal aure i det enkelte prøvefiske. Serie 2 er gjennomsnittsnittsvekta i g. Snittvekta har auka etter 2016. Dette kan skuldast endring av fiskereglane, men kan og vere tilfeldigheiter i resultatet ved prøvefisket.

Fordeling av fangsten på lengdegrupper viser ein trend mot mindre små fisk.

Svartavasstjørn

Prøvefisket viste ein mindre endring i fiskestamma i vatnet. Gjennomsnittsnittsvekta har auka litt og kvaliteten på auren er betre. Sjølv om det er vanskeleg å driva eit tynningsfiske i vatn som ligg så vanskeleg tilgjengeleg, hjelper det med langsiktig satsing.

Det vart funne skjoldkreps i 6 magar i fangsten.

Drageidfjorden


Vatnet vart prøvefiska ei natt med 2 Jensen-prøvegarnserier. Fangsten var bare 20 auren. Det er dokumentert rekruttering til vatnet og det vart funne skjoldkreps i 5 fiskemagar. Elles var fangsten for låg til å konkludera nærare om vekst og fordeling av storleik.

Det er ikkje vurdert å vera naudsynt med endring av garnfiskereglane som følgje av prøvefiskeresultat.

4.3 Garnfiskestatistikk

Fjellstyret har selt 111 garnfiskekort, 17 stk har rapportert at dei ikkje har fiska. 3 stk har ikkje rapportert frå sitt fiske. Fjellstyret set pris på at det vert rapportert og meiner rapportane er viktig dokumentasjon av utøving av den rett til fiske bygdafolk har i vatna i allmenningen.

Vidare er rapporteringa eit viktig grunnlag for god forvaltning av vatna. Tilsaman er det rapportert fiska 4344 kg aure på garn.




Figuren viser fangst målt som tal aure og kg aure per døgn det er fiska med eit garn. Den heiltrukne lina for den raude kurva er trendline som over ein meir enn 20 års periode viser utviklinga i tal garn fiska med. Denne kurva vert påverka av om det er

høg aktivitet med tynningsfiske.

Den heiltrukne lina for den blå kurva er trendline som over meir enn ein 20 års periode viser auke fangst med over 200g per garnnatt.


Dette er tal for allmenningen samla. Kurvene viser nær samanheng mellom kor mykje det vert fiska og utbytte, generelt gir auka innsats auka utbytte.

Statistikken frå dei store viktige vatna viser eit litt ulikt bilete.




Figuren viser garnfangst i Nordmannslågen, avkastning målt i kg per hektar (ha) og fangstinnsats som garn per ha. Situasjonen i Nordmannslågen synest ganske stabil, både med omfanget av fisket og utbytte.


Det er aktuelt å gjennomføra eit prøvafiske for å ha kontroll med kvalitet og rekrutteringa til vatnet.



Figuren viser garnfangst i Tinnhølen, avkastning målt i kg per hektar (ha) og fangstinnsats som garn per ha. Utbytte frå fisket i Tinnhølen er stabilt, men har gått ned sett mot åra tidlegare. Tinnhølen føl mønsteret i statistikken for allmenningen samla. Det er og ein nedgang i omfanget av garnfisket.



Figuren viser garnfangst i Langavatnet, avkastning målt i kg per hektar (ha) og fangstinnsats som garn per ha. For Langavatnet er avkastinga ganske stabil.



Figuren viser garnfangst i Lakjen, avkastning målt i kg per hektar (ha) og fangsttinnssats som garn per ha. Situasjonen i Lakjen synes å vera stabil. Tal fisk er høgt grunna tynningsfiske som gir låg snittvekt.

4.4 Kalking

Svartavatnvassdraget frå Finnsberg og sør til Drageidfjorden vart kalka i 2023. Eigen rapport for overvakinga er lagt ut på fjellstyret si heimeside. Overvaking av resultat frå kalkinga har og vore gjennomført i 2022. Rapporten ligg på heimesida og omtaler resultat av prøvefiske (Svartavatnet, Svartavasstjørn og Drageidfjorden) temperaturovervaking med loggarar og vassprøveanalyser.

4.5 Anna fiskekultivering

Fangst av villfisk vert utført av Statkraft som kompensasjon for at dei tek stamfisk på Tinnhølen. Fisket føregår med elektrisk fiskeapparat i Svinto og noko i Bjoreio. Aureungane vert feitfinnekleipt før dei vert sett ut i Tinnhølen. Statistikken viser til tal fanga villfisk. Årleg fangar Statkraft om lag 50 stamfisk.

Villfisk satt ut i Tinnhølen:

2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
181	50	248	151	134	205	291	194	176	228	262

All setjefisk og villfisk slept i Tinnhølen vert feitfinnekleipt. Det er ynskjeleg at fiskarane rapporterer tal feitfinnekleipt fisk i fangstane.

5. Fjellstyrehyttene

5.1 Hyttestyret

Frå hyttestyret er det kome slik informasjon;

Aktiviteten til hyttestyret i år har i hovudsak gått med til diverse vedlikehald av hytter, transport av ved og gass og rydding / heimkjøring av søppel.

Krobu :

Transport av ved og gass .

Stigstuv :

Transportert ved og gass.

Tinnhølen :

Transport av ved og gass, søppel heim. Lageret nyttast til lagring av ved som skal fraktast til hyttene i løpet av vinteren. Hytta og uthus beisa.

Langavasshadlet :

Transport av ved og gass, søppel heim.

Viersla :

Transport av ved og gass, søppel heim. I tillegg vart snikkarfirma Kjoberg engasjert til å skifta og isolera golv. Kjoberg hadde oppdrag på Besso slik at det passa å få dette oppdraget utført når dei var i området.

Heisanntjørnbu :

Det er transportert inn ved og gass. Reklamasjon på arbeid over døra er enno ikkje gjennomført. Firma som utførte dette eksisterer ikkje lenger, så fjellstyret må truleg ta denne kostnaden på eiga kappe. Plattingen som vart kravd endra er retta opp i.

Gamla Sandhaug :

Transport av ved og gass.

Etter at taket vart reparert står att å fornya innreiinga inne i førarbua. Veggane er kledd med panel, det er bygd nye køyer og det er laga ny kjøkeninnreiing. Det er og lagt nytt golv og panelt nytt i taket. Dette arbeidet er utført av Hans Ove Næsheim.

6. Beiteleiga

Halne beitelag slepte 399 sau på beite.

7. Anna

- I samband med overtaking av naust på Gamla Sandhaug har fjellstyret starta prosess med å vurdere behov for fellesnaust i allmenninga. Dette omfattar å registrera alle båtar som ligg i allmenninga, også båtvrak. Fjellstyret har førebels konkludert med at det er meir teneleg med fellesnaust ved Sandhaug.

Båtvraka er starta teken ut av fjellet. Fjellstyre er med i eit prosjekt for å rydda statsallmenningane for båtvrak og anna plastforsøpling. Innsamlinga er finansiert gjennom Handelens miljøfond. Oppsynet står for innsamling av

båtvraka.

- Fjellstyret har engasjert seg i utforming av reglane for drift av Tinnhøelvegen og parkeringsplassen. Det er ynskje om å unngå for mykje camping langs vegen og at parkeringsplassen vert brukt som campingplass. Asle og Lars Kristian er fjellstyret sine representantar i styringsgruppa som er etablert for å følgja opp prosjektet.
- Asle Øydvin er fjellstyret sin representant i Villreinutvalet for Hardangervidda.
- Fjellstyret har stengt fjellstyrehyttene sør for Rv7 for utleige frå nyttår til 1. juli. Dette er gjort for å redusera menneskeleg aktivitet i fjellet i ei sårbar til for reinen. Stenginga var ikkje gjort gjeldande for fjellstyehytta på Stigsuv.